



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Grethe Fjeld, 5557 2279

Vår dato  
06.12.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/15542 632.4  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Invitasjon til deltaking i satsinga *Kompetanse for mangfold* - Lindås kommune

*Kompetanse for mangfold* er eit kompetanseløft på det fleirkulturelle området. Satsinga kjem av at mange minoritetsspråklege barn og unge møter særskilde utfordringar i utdanninga. Målet er at tilsette i barnehagar og skular skal klara å støtta barn og vaksne med minoritetsbakgrunn på ein måte som bidrar til at desse fullfører og består heile utdanningsløpet.

I 2017 skal Oslo og Akershus, Østfold, Hordaland, Rogaland og Vestfold delta i satsinga. Fylkesmannen i Hordaland er bedt om å velje ut fem kommunar/fylkeskommunar til å delta i satsinga og kvar kommune/fylkeskommune skal delta med 4-5 einingar. Utviklingsarbeidet på dei enkelte einingane skal starta opp hausten 2017 og gå over minst to semester.

Fylkesmannen vil med dette invitera Lindås kommune til å delta i *Kompetanse for mangfold*. Lindås har lang erfaring og mykje kompetanse på å busette einslige mindreårige flyktningar. Kommunen hadde vedtak om å busette 20 einslege mindreårige i 2016, og er oppmoda om å busette 7 i 2017. Lindås er ein mellomstor kommune med 16 barnehagar, 13 grunnskular og vaksenopplæring. Samla sett vurderer Fylkesmannen at kommunen kan ha stor nytte av å delta i denne satsinga.

#### Prioriterte områder i satsinga er

- fleirkulturell pedagogikk,
- andrespråkspedagogikk,
- andrespråksdidaktikk og
- vaksenpedagogikk.

Fylkesmannen er også bedt om å ha opplæring i regelverket for barnehagemyndigkeit, barnehageeigarar og skuleeigarar som deltek i satsinga. Det er for å sikra ei heilskapleg forståing av regelverket i kommunar/fylkeskommunar. Styrarar og rektorar i dei einingane som deltek i satsinga bør også delta i opplæringa.

## **Støtte frå høgskule**

Høgskulen på Vestlandet (HVL), tidlegare Høgskulen i Bergen, skal bidra med fagleg støtte og legga til rette for fagleg refleksjon i barnehagar og skular for at den pedagogiske praksisen kan utviklast. Det skal takast utgangspunkt i lokalt kompetansebehov innanfor dei prioriterte områda. Høgskulen skal laga ein avtale med kvar kommune/fylkeskommune om innhaldet i støtta og forventningsavklaringar til begge partar. Den faglege støtta frå HVL skal starta opp hausten 2017 og gå over minst to semester.

## **Forventningar til kommunar/fylkeskommunar som skal delta i kompetanseløftet**

Størstedelen av satsinga skal vera barnehage og skulebasert etterutdanning. Det vert forventa at barnehagen og skulen med leiinga i spissen, deltek i ein prosess der ein utviklar barnehagen og skulen sin kompetanse. Tiltaket må ha solid forankring hos tilsette i einingane som deltek, og hos barnehagemyndigkeit, barnehage- og skuleeigarar.

Barnehagemyndigkeit, barnehage- og skuleeigarar som deltek i satsinga skal ha ein plan for korleis dei vil gjennomføra utviklingsarbeidet. Planen bør visa korleis dei med støtte frå høgskulen vil legge til rette for kollektive læreprosesser både i og utanom den tida dei får støtte frå høgskulen.

## **Finansiering**

Fylkesmannen i Hordaland vil få tildelt midlar som skal stimulere til å arbeida med utviklingsarbeidet. Kvar kommune/fylkeskommune skal delta med 4-5 einingar og kvar eining vert tildelt 100 000 kroner til utviklingsarbeidet. Dette kjem i tillegg til dei midlane som Høgskulen på Vestlandet har fått tildelt for å kunne bidra med fagleg støtte til einingane.

## **Utdanningsdirektoratet sine føringer for deltaking**

- ✓ Skular, inkludert vidaregåande og vaksenopplæring innanfor grunnopplæringa, som i 2016 har tatt imot flyktningar skal prioriterast.
- ✓ Vidaregåande skular skal prioriterast.
- ✓ Barnehagar skal delta, gjerne i lag med dei lågaste trinna i skulen, for å skape godt samarbeid mellom barnehage og skular. Til no har fleire barnehagar enn skular deltatt i Kompetanse for mangfold, difor vert det ynskt at ein i 2017 har med fleire skular enn barnehagar.
- ✓ Kommunar/fylkeskommunar med stor del enkeltvedtak om særskild språkopplæring etter §§2-8 og 3-12 .
- ✓ Private barnehagar og skuler bør delta på linje med kommunale/fylkeskommunale der det er aktuelt.
- ✓ PP-tenesta kan oppmodast til å delta i utviklingsarbeidet om det er relevant. PP-tenesta skal ikkje tildelast eigne midlar.

**Svarfrist**

Fylkesmannen i Hordaland ynskjer innan 20. januar svar frå Lindås kommune om dei ynskjer å delta i satsinga.

Det vil verte eit informasjonsmøte i første kvartal 2017. Der skal skule- og barnehageansvarlege i kommunene iinga delta i lag med Høgskulen på Vestlandet og Fylkesmannen. Invitasjon vil verta sendt til dei aktuelle kommunane.

Meir informasjon om satsinga kan ein finna på nettsidene til Utdanningsdirektoratet  
<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/kompetanse-for-mangfold/>

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Grethe Fjeld  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*